



Arkivnr: 2019/108-9

Saksbehandlar: Ruth Ørnholst, Elin Golten

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019

#### Tilskot til kompetanseutvikling 2019 - bibliotek

##### Samandrag

Føremålet med ordninga er å styrke den bibliotekfaglege kompetansen i folkebiblioteka i Hordaland. Midlane kan også nyttast til individuelle søknader om støtte til etter- og vidareutdanning.

Generelt	
Budsjett 2019:	100 000 kroner
Søknadsfrist 2019:	15.februar
Vedtak kriteria:	KIRU 18.01 PS 10/2019
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

Søknader 2019	
Tal på søknader:	5 søknader
Tal på søknader som er tilrådd støtte	5 søknader
Samla søknadssum:	129 000 kroner
Tilrådd til fordeling:	100 000 kroner

##### Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Folkebiblioteka har gjennomgått store endringar dei siste åra, noko som har ført til ein radikalt endra arbeidskvardag, og endra forventningar til både kunnskap og kompetanse hjå dei bibliotektilsette. Endringane er særskilt knytt til to hovudområde; biblioteket som møtestad og arena for samtale og debatt, og digitale bibliotektenester.

I følgje Nasjonal Bibliotekstrategi 2015-2018 er eit personale med brei og oppdatert kompetanse er avgjerande for at biblioteka skal kunne utføre sine samfunnsoppgåver og levere eit godt bibliotektilbod. Oppbygging av ny kompetanse er avgjerande for å utvikle nye tenester og eit framtidsretta bibliotektilbod.

**Økonomi:** Tiltaket blir løyst innanfor vedteke budsjett for 2019.

**Klima:** Saka har ikkje relevans for klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Saka har ikkje relevans for folkehelse.

**Regional planstrategi:** Tiltaket følgjer opp innsatsområde i Regional kulturplan 2015-2025.

## Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 100 000 kroner over budsjettpost 400.340.00, slik:

	<b>Namn på søker</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Tilråding</b>
1	Bergen offentlige bibliotek	Se og les 2020. Barne- og ungdomslitteraturkonferanse	40 000
2	Forfattersentrums Vestlandet	Seminar for lærere og bibliotekarer	28 000
3	Martine Durban Jahr	Studiet "Barn, medier og bibliotek"	6 000
4	Biblioteka i Sunnhordland	Biblioteket som inspirasjonsrom	20 000
5	Silje Namtvedt	Studiet "Barn, medier og bibliotek"	6 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.02.2019

Føremålet med ordninga er å styrke den bibliotekfaglege kompetanse i folkebiblioteka i Hordaland. Midlane kan også nyttast til individuelle søknader om støtte til etter- og vidareutdanning. Folkebiblioteka har gjennomgått store endringar dei siste åra, noko som har ført til ein radikalt endra arbeidskvartdag, og endra forventningar til både kunnskap og kompetanse hjå dei bibliotektilsette.

Endringane er særskilt knytt til to hovudområde:

### 1. *Møtestad og arena for samtale og debatt*

Endring i Lov om folkebibliotek som trådde i kraft 1. januar 2014, gav folkebiblioteka ei meir aktiv formidlingsrolle, og dei fekk eit klarare samfunnsoppdrag som arena for læring og kulturopplevingar. I formålsparagrafen i lova vart det slått fast at folkebiblioteket skal vere ein uavhengig møtestad og arena for samtale og debatt. Dei bibliotektilsette går frå å vere passive formidlarar, til å verte aktive produsentar av innhald og opplevingar. Meir aktiv formidling av litteratur, både i møte med bibliotekbrukarar og i bibliotekrommet er også ein del av endringa.

### 2. *Digitale tenester*

Folkebiblioteka er som resten av samfunnet, i stadig endring knytt til det digitale. Både den fysiske og digitale møteplassfunksjonen og formidlingsansvar for alle typar media er omfatta av folkebiblioteklova. Biblioteka skal gje tilgang til digitalt innhald, tilby digitale bibliotektenester og drive aktiv formidling på nett, noko som krev stadig fornya og oppdatert kompetanse hjå dei bibliotektilsette. I Hordaland er det mellom annan vorte innført ei felles utlånsordning for e-bøker, felles abonnement på digitale aviser, og ei systematisk oppgradering av utforming og innhaltsproduksjon på nettstadene til biblioteka. Digitale løysingar har gjort det mogleg for biblioteka å vere meiropne, dvs. at det er tilgang til biblioteket utanom ordinær opningstid.

I følge Nasjonal Bibliotekstrategi 2015-2018 er eit personale med brei og oppdatert kompetanse avgjerande for at biblioteka skal kunne utføre sine samfunnsoppgåver og levere eit godt bibliotektilbod. Oppbygging av ny kompetanse er avgjerande for å utvikle nye tenester og eit framtdsretta bibliotektilbod. Det er ikkje tatt initiativ til eit nasjonalt kompetanseløft for bibliotektilsette. Fylkesbiblioteket har kompetanseutvikling som ei lovfesta oppgåve, hovudsakleg gjennom tilbod om aktuelle kurs og samlingar. Ei tilskotsordning for kompetanseutvikling for bibliotektilsette heng derfor tett saman med oppgåver som fylkeskommunen bidrar med på bibliotekfeltet.

Tilskotsordninga er i tråd med Regional Kulturplan for Hordaland (2015-2025) PREMISS:KULTUR, tiltak 35. Kompetanse i biblioteka. Målet er at bibliotekpersonale skal ha den kompetansen som er naudsynt for å nå mål, møte nye utfordringar og levere gode tenester til innbyggjarane.

### Søknadskrifter

Søkjarar kan vere både organisasjonar og institusjonar som gjennomfører kurs og konferansar for bibliotektilsette, eller tilsette i folkebibliotek. Det kan maksimalt søkjast om kr 40 000 til organisasjonar og institusjonar og kr 15 000 til individuelle søkerar.

Følgjande kan støttast (i prioritert rekkefølge):

1. Utgifter til organisering og gjennomføring av kurs og konferansar
2. Studieavgift på kompetansegivande etter- og vidareutdanning
3. Andre utgifter til etter- og vidareutdanning.

Vedlagt er oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.